

NotatDato: 27.10.2017
Arkivsak: 2016/3130-7
Saksbehandlar: hanespe

Til:	Utval for kultur, idrett og regional utvikling Utval for opplæring og helse Fylkesutvalet
Frå:	Fylkesrådmannen

Status i samarbeidsprosjekt Lokal mobilisering mot doping november 2017

Samarbeidsavtale og prosjektplan for prosjektet Lokal mobilisering mot doping i Hordaland (haust 2016/vår 2018) vart vedteken i sak 170/2016 av fylkesutvalet 23. juni 2016. Prosjektet er eit samarbeid mellom Hordaland fylkeskommune og Antidoping Norge.

Prosjektet sitt hovudmål er å gje unge menneske tilstrekkeleg kunnskap og informasjon til å avstå frå doping, og å etablere felles haldningar om nulltoleranse for doping. Arbeidet håpar å gje ungdom verkty som kan bidra til meistring av den prestasjons- og presentasjonskulturen dei er ein del av. Prosjektets sekundærmål er å auke kunnskap knytt til dopingproblematikk blant fagpersonar og yrkespersonar som omgår ungdom gjennom sitt daglege virke.

Prosjektleiar vart tilsett i Antidoping Norge i august 2016 ei 40 % stilling for å koordinere prosjektet og gjennomføre tiltak i Hordaland. Hausten 2016 vart det etablert ei administrativ styringsgruppe med representantar frå Antidoping Norge, Hordaland idrettskrets og ulike avdelingar i fylkesadministrasjonen (Kultur og idrett, Opplæring og Regional) som har hatt fire møter i året. Arbeidet vert frå 2018 vurdert som del av samarbeidet om Idrettscampus Bergen og styringsgruppa utvida med representantar frå m.a. Høgskulen på Vestlandet og Bergen kommune.

Samtlege elevråd og skuleleiing i vidaregåande skular har fått tilbod om undervisning, foredrag og skulebesøk. Bodsken har også vorte integrert i andre fag sine kompetanssmål, der skulen har ønska dette. Snart halvparten av skulane har hatt skulebesøk, og fleire skular har hatt gjentekne tiltak i mindre grupper.

Det førebyggjande arbeidet i skulane er bygd på 1) livsmeistring, og 2) kunnskap om doping og dopinga sine juridiske, medisinske, sosiale og samfunnsmessige øydeleggjande konsekvensar.

På bakgrunn av store politiaksjonar med fleire titals pågripne gjennom mai, september og oktober i Hordaland i 2016, vart det raskt sett i verk seminar for å svare på lokalmiljø rundt brukarmiljø og kriminelle nettverk, der målet var å auke lærarar og fagpersoner sitt kunnskapsbehov. To opne [seminar](#) vart gjennomført ved Amalie Skram og Stord vidaregåande skule, og eit lukka kollegieseminar ved ein skule med dokumentert dopingbruk. Særleg fekk seminaret i Bergen solid oppslutnad med 120 deltakarar, primært samansett av lærarar, men også yrkesgrupper som politi, helsesøster, idrettstilsett, psykolog og skuleleiing.

Gjennom prosjektet har prosjektleiaren kome i kontakt med fleire ressurspersonar som har uttrykt eit ønske om meir kunnskap knytt til dopingproblematikk. Eit eksempel er ei helsesøster som ein dag fekk ein pasient med store betennelsar inn på kontoret, som følge av injisering av dopingmidlar. Som helsesøster har dei ein unik moglegheit til å avdekke både partnervald, og i kraft av sin tilgjengelegheit og tiltrudde rolle å ha samtalar med brukarar som ikkje vågar å ta kontakt med lege. På bakgrunn av opplevd kunnskapsbehov blant denne gruppa vart det utvikla og gjennomført eit kurs for helsesøstre i Bergen. Dette etter innleiande dialogmøter med helsesøstergrupper, der kunnskapsbehov og strategi for optimal førebygging vart planlagt. Dei andre kommunane i fylket vil i løpet av vår 2018 få same tilbod.

Politiet i regionen har også etterspurt meir kompetanse om doping, både i etterkant av opprulling av dei store dopingsakene i Hordaland, men også i samtalar i det daglege arbeidet. Hausten 2017 vart det gjennomført eit seminar på Askøy, for samarbeidskommunane Fjell, Sund, Askøy og Øygarden. Kunnskapsbehov vart kartlagt innleiingsvis. Deltakarane var samarbeidande parter som påtalemakt, politi og tilsette ved treningssenter som gjennomfører samtaler ved dopingmistanke, og kommunen sin ungdomskontakt. Innhaldet var skreddarsydd med både teori og diskusjon og trening på samtalepraksis, og fekk svært gode tilbakemeldingar. Dette forankrast no i årleg seminar, der neste tema er avgjort på bakgrunn av deltakarane sitt kunnskapsbehov. Målet no var å stoppe og førebygge dopingbruk i sine kommunar. Neste seminar skal fokusere meir på å kjenne til behandlingmoglegheiter for dopingmisbrukaren. Generelt for fagseminar har det vore henta inn og nytta spisskompetanse frå antidoping Norge, juristar, norsk narkotikapoliti, med fleire. I løpet av prosjektperioden har prosjektleiar også bidrege med å utvikle nasjonalt informasjons- og undervisningsmateriell retta mot både ungdom og fagpersoner. Dette har blant anna resultert i medforfattarskap i handboka [Doping og folkehelse](#). Boka er særleg laga med tanke på personar som i sin kvardag jobbar med ungdom og vaksne som enten vurderer bruk eller allereie har etablert misbruk av dopingmidlar. Kunnskap oppsummert i boka vert nytta i den daglege operative arbeidet i Hordaland og boka vert distribuert til alle relevante yrkesgrupper.

Prosjektleiar har også vore med å utvikle programmet [Ren Elev](#), som er ein gratis undervisningsressurs for elevar og lærarar i vidaregåande skule, med videoar, presentasjonar og oppgåver tilpassa fleire fag sitt kompetansemål, samt generell førebygging og informasjon om doping og for å fremje livsmeistring. Særleg lærerane ved Bømlo vidaregåande skule var ivrige for å kunne integrere dette programmet i sine fag. I det vidare arbeidet er det ønskeleg at prosjektet

skal føre til at antidopingarbeidet vert forankra- og teke i bruk blant lærarane i fylket, blant anna ved bruk av *Ren Elev*.

Jamfør Stortingsmelding 28, *Fag- Fordypning – Forståelse – En fornyelse av kunnskapsløftet*, vert det arbeid med fornying av læreplanar og Kunnskapsløftet. Elevane skal lære om folkehelse og livsmeistring, og gjerast i stand til å handtere ulike utfordringar og meistre kvardagen. Fornyning inneber læring i djupna og tverrfagleg jobbing, og fornying av fagplanar, som etter planen skal settast i verk i 2020. For å støtte lærarar i dette arbeidet, skal prosjektleiar gje innspel til konkrete verkty gymnastikklærarar kan nytte i undervisning, under nettverkssamling for lærarar på Voss i november 2017. Vidare vil antidopingsatsinga vere i tråd med UDIR sine planar for framtida sin skule, i og med at alt arbeidet tuftar på generelle prinsipp for førebygging, med livsmeistring i botn, og informasjon tilpassa målgruppa.

Ifølge Ungdata (2017) opplever unge auka stress og press knytt til utsjåande. Aktivitetar som bruk av sosiale medium og trening gjer rett nok både avkopling og glede, men er også vesentleg i høve til å auke opplevinga av stress og press retta mot kropps- og utsjåandeideal. Mengde bruk av sosiale medium heng også saman med depressive symptom. Doping kan tilsynelatande sjå ut til å vere ei løysing på både å nå prestasjonsmål i høve til kropp og utsjånad, og gje ønska kropp og utsjånad til sjølvprestasjon på sosiale medium.

Slik fylkesrådmannen vurderer det, kan samarbeidsprosjektet vise til gode resultat. Ei hovudutfordring er å finne tid og kontinuitet i arbeidet, mellom anna for å kunne rekke over eit fylke med store geografiske avstandar.